


# STRYN KOMMUNE

## KOMMUNEDELPLAN FOR FOSNES - REVISJON

### TEIKNFORKLARING

PLB § 20-4, fyrste ledd nr. 1 - 6

Eksist./Planl.

**1. BYGGEOMRÅDE**

- Bustader
- Fritidsbustadar (F), Utleigehytter (U), Camping (C)
- Forretning/sørvis (F)
- Industri (I)
- Ålmennyttige føremål (A)
- Offentlege føremål (O)
- Friområde (F)
- Skytebane (SK)
- BY — Viktig bygningsmiljø

**2. LANDBRUKS- NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE**

- LNF1 - LNF-område der spreidd bygging ikkje er tillate

**4. OMRÅDE SOM ER BANDLAGT/SKAL BANDLEGGAST**

- FR — Område for friluftsliv (FR)
- Ⓡ — Vern etter Lov om kulturminne (Fornminne)

**5. OMRÅDE FOR SÆRSKILT BRUK ELLER VERN AV SJØ OG VASSDRAG**

- Område for Fiske, Ferdsel, Natur og Friluftsliv (FFNF)
- Småbåthamn (S)
- Friluftsområde (FR)

Eksist./Planl.

**6. VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET**

- Parkering (P)
- Hamn (H)
- Hovedveg
- Samleveg
- Tilkomstveg
- Gang- og sykkelveg
- Hovedturveg
- Lokal-turveg
- Elektrisk hovedline

- JN — Jostedalsbreen Nasjonalparksenter
- Grense for delplanområde
- Eksisterande bygningar
- Ⓑ — Viktig kulturminne - bryggje
- XI — Område med krav til utbyggings-/reguleringsplan
- Skredfarleg område (S)

*Sakshandsaming:*

| *Nr:* | *Handsamingsmåte* | *Sak.nr.* | *Dato* | *Sign:* |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Vedtak om oppstart av revisjon | KO-088/01 | 11.12.01 | |
| 2 | Vedtak om 1. gongs utlegging | KS-024/05 | 26.04.05 | |
| 3 | Vedtak om 2. gongs utlegging | KS-103/05 | 20.12.05 | |
| 4 | Eigengodkjenning | Ks-022/06 | 02.05.06 | |
| 5 | | | | |

DISPENSASJON (PBL - § 7)

Når særlege grunnar ligg føre, kan kommunen etter søknad, gje mellombels eller varig dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.

Dispensajonsmynde ligg til det faste utvalet for plansaker.

Kartgrunnlag: A-base frå DEK, V-basen, N50-basen, E-basen, FKB-baser.
Plandata digitalisert frå manuskart: Sonekart, Øk-kart og reguleringskart

Ekvidistanse 5 meter

Kartmålestokk 1:5000

Kartarbeid utført av: *DIGITALKART - K. Hellenes, STRYN*

Fosdalsætra 1910

# FØRESEGNER OG RETNINGSLINER

(PLAN- OG BYGNINGSLOVA § 20-4)

Viktige spørsmål det er teke stilling til:

- Kommunedelplanen skal avklare den langsiktige trongen for bustadareal og næringsareal på Fosnes. Byggeområda er plassert slik at ein unngår den viktigaste landbruksjorda.
- Å sikre ålmenta tilkomst til strandområde er ei utfordring, fordi Fosnes har svært store kvalitetar som naturområde. Det er også viktig å lage naturlege stoppestader langs vegen. Dette kan auke Fosnes sin verdi i reiselivsamanheng.
- Ny byggeaktivitet har ei stor utfordring i å ta omsyn til estetiske kvalitetar som ligg i kyrkja og i nasjonalparksenteret.
- Med framvekst i tettstaden Fosnes er det viktig å få på plass eit renseanlegg som sikrar Oppstrynsvatnet som kloakkresipient.

| AREALBRUKS- FØREMÅL | FØRESEGNER (JURIDISK BINDANDE) | RETNINGS-LINER | PBL § |
|---|---|---|---|
| **1. BYGGEOMRÅDE** | | | 20-4 |
| Følgjande reguleringsplaner gjeld *framfor kommunedelplanen*: **Fosnes/Sandvik** 1991, endr. 1996 og 2002. | | • Jordlova sine reglar om frådeling, §12, skal gjelde for *alle* byggeområde med føremål "utleigehytter" | **Boks t a)** |
| KRAV TIL UTSJÅNAD I BYGGEOMRÅDA (estetikk):<br>- Oppstryn kyrkje er eit monumentalbygg.<br>- Nasjonalparksenteret er eit karakteristisk bygg.<br>- Vegvesenet har nytta mykje naturstein i sentrum som set eit preg på tettstaden. | • Nye bygg langs riksveg eller rimeleg nær kyrkje eller nasjonalparksenteret må ta omsyn til estetiske trekk i desse byggverka. | | |
| GRØNTAREAL | • Park/ leikearealet sør for Oppstryn pensjonat skal ha enkel opparbeiding. Tilkomst til området frå sentrum og frå bustadfelta, skal opparbeidast samtidig med at bustadareal vert opparbeidd kring dette leikearealet. | • I strandsona mellom kyrkja og utløpet av Fosdøla, skal arealføremålet vera friområde. På den strekninga som tilhøyrer hotelltomta skal det vera høve til å anleggе turveg for fiske og andre friluftsaktivitetar, og det skal ikkje gjerast inngrep eller byggast stengsle som hindrar dette. | **Boks t d)** |
| **2. LNF-OMRÅDE**<br>**LNF1**-område<br>Område der spreidd bygging ikkje er tillate. | | | |
| **3. OMRÅDE FOR RÅSTOFFUTVINNING** | | | |
| **4. BANDLEGGINGS-OMRÅDE** | | | |
| FRILUFTSOMRÅDE som skal regulerast til spesialområde friluftsliv ved revisjon av reguleringsplan for Fosnes:<br>- **Monsbuda m/areal aust for buda.**<br>- **Strandområde langs Fosdøla og langs Oppstrynsvatnet.** | | • Monsbuda med miljøet i aust, skal takast vare på som kulturminne, i kombinasjon med ein rasteplass, der reisande har høve til å stoppe nær strandlinja og nyte utsikten.. Det skal ikkje reisast bygningar eller gjerast inngrep som hindrar at dette kan nyttast som rasteplass.. | |
| SKREDFARLEGE OMRÅDE<br>Områda er allereie omfatta av innskrenking av bruken. | | | **§ 68** |
| KULTURMINNE (Fornminne)<br>*Fornminna er sikra gjennom* automatisk fredning i særlov. | | | |
| STØYSONE RUNDT SKYTE-BANE. | | • Skytebana med støy-sone og sikringssone skal innarbeidast i reguleringsplanen ved endring av denne. | |
| **5. OMRÅDE FOR SÆRSKILT BRUK ELLER VERN AV SJØ OG VASSDRAG** | | | |
| VERNA VASSDRAG:<br>- **Strynevassdraget**<br>- | | • Søknad om inngrep skal handsamast i samsvar med kommunedelplan for *differensiert forvaltning* av Stryne-, Loen- og Oldenvassdraget. | |
| VASSDRAG DER DET ER AKTUELT Å FREMJE SOKNAD OM SMÅKRAFTVERK:<br>- 1. **Fosdøla** | | • | |
| FRILUFTSOMRÅDE I VASSDRAG:<br>- **Utanfor nasjonalparksenteret** | | • Området utanfor Nasjonalpark-senteret skal vera tilgjengeleg for ålmen bruk (robåt og fiske), med forbod mot bruk av rasktgåande eller støyande kjøretøy på vatn. Det skal ikkje gjerast inngrep i strandsona som reduserer verdien av området til friluftslivsføremål. | |